

Skrivetips

Korleis komme i gang med skivinga – og korleis forbetre ein tekst?

Vi har samla nokre enkle og konkrete skrivetips.

Komme i gang

Å komme i gang med skivinga kan vere ei utfordring. Her er eit forslag til korleis elevane kan starte med skivinga i klasserommet.

Del 1: Idémyldring

Elevane skriv ned alle assosiasjonar dei har til temaet, utan å sensurere seg sjølve. Det kan vere enkeltord eller setningar. Etterpå kan dei eventuelt dele ideane sine i mindre grupper.

Del 2: Førsteutkast på 15 minutt

Målet med denne øvinga er å skrive ned idear og tankar utan å vere for kritisk. Elevane skriv eit førsteutkast til ein tekst utan å tenkje på form, men med vekt på innhaldet i teksten. Dei skriv ned alt dei veit om emnet, i ein meir eller mindre samanhengande tekst. Still ei stoppeklokke på 15 minutt. Elevane skriv utan stans til klokka ringjer. Det er ikkje lov å redigere eller stryke undervegs.

Del 3: Strukturere

Elevane les igjennom førsteutkastet sitt. Dei strukturerer setningar og avsnitt og noterer nye idear.